Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12

Fylke: Opland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Ringebu

Emne: Gamal engkultur

Bygdelag: Venabygd

Oppskr. av: Einar Hovdhaugen

Gard: Venåsen

(adresse): Venabygd

G.nr. 3 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ja, stort sett. Ekre er åkerland som er vorte til eng. I dag brukt om all kunstig eng. Det hende frå gamalt at ~~slått~~ åkerland låg og grodde til og vart slåtteland, ei ekre. Vi kjenner og til at dei frå gamalt sådde høymo - d.v.s. høyfrø frå låvegolvet når dei ville laga ekre. Attlego er åker som låg og kvilte seg. Han skulle harvast, pløyast eller ardast fleire gonger om sumaren, haldast svart og rein for ugras. Attlego var nødvendig før dei fekk det moderne skiftebruket.
Tjukkeng var den gjødsla enga, der det var mykje på, den andre slåtten kallast hasp (m.) og høyet småfor eller skrapfor. Utslåtter vart stundom kalla markefor.
Her i bygda minnest ikkje folk bruk av anna enn langorv. Noko anna er snautt brukt etter år 1800.

2. Tjukkenga var gjerne rein for tre og buskar. I skrapslåtten og utslåttane ville dei gjerne ha ein del lauvskog. Ein del av steinen var gjerne rødt bort og i all gamal slått eng finn ein små røyser av stein som er rødt saman.

3. Som nemnt i sp. 1. var bruk av frø av naturleg eng ikkje ukjent. Nokon planmessig frøavl er ikkje kjent, men då dei slog seint var det alltid frø som var meir eller mindre mogne.

4. Det var gjort mykje for å få vatnet bort frå åker og eng, og er ofte ikkje svære og lange grøfter. Vatning var ikkje brukt her i bygda, iallefall svært sjeldan.

2989

5. Ja, enkelte engstykke vart gjödsla med vintergjödsel. Hestegjödsel vart halde for å vera god til eng, men kugjödsel vart og nytta.

6. Tjukkeng. Höyet vart gjerne kalla tjukkengfor

7. Det vart ofte tala om „launsegel" og at nedanforliggjande engstykke hadde gjödselstrekk frå åkrane.

8. Kumökk vart helst lagt på enga om hausten, lagt i lassevis, eller spreidt. Låg så slik til om våren. Det var da om å gjera å passe på å smulde ho för ho törka. Dei hadde mökkaklubbe dei smuldra lassa med og så köyrde dei sloe, det kunne vera anten rissloe eller stokkesloe som dei finsmuldra mökka med og tilsist raka dei gjerne. Framgangsmåtane er tildels brukt enda.




9. Ja. All eng vart beita, haust og vår, men neppe av omsyn til gjödsla.

10. Nå blir eng berre beita om hausten. Stort sett gjekk det vel av bruk med vårbeiting frå 1900-talet og utover, men her fanst gardar som beita åvist om våren heilt til på 1920-talet.

11. Ja ein gjekk rundt med rive eller ei lett mökkaklubbe og slo sund rukene.

12. Kyrne var alltid inne om natta. Det fanst somarfjös somme stader, men det var ikkje alminneleg det folk minnest.

19-20. Stó, ei: der krytyra står utanfor fjöset på sætra, med andre ord tunet på sætra. Kve, ei, inngjerda slåttemark på sætra. Denne blir alltid gjödsla med somarmökka etter dyra på sætra. Det er ikkje gått attende med engbruket på sætra her. Tvertimot.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING